

LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggelig blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr. 3

Juni 1968

4. årgang

Kva er namnet ditt?

Langt tilbake i tida kom ein dag ein prins som var ute på reis til å stogga ved ein slavehandel eller marknad. Mellom dei mange ulukkelege menneske var det ei ung gjente som heitte Seselie, som der skulle selgjast til høgstbydande, Ho sto der kledd i sine usle filler — slavedrakta, og eit ukjent slaveliv var det einaste ho kunne sjå fram til

Då prinsen fekk auga på denne gjenta fekk han godhug for henne, og han løyste henne ut ved å betala det eigaren kravde Så sa han til gjenta at nå var ho fri, for han hadde kjøpt henne fri. Men han sa også at han var glad i henne, og ville gjerne at ho skulle fylgja han og vera hans brur og bera hans namn. Då ho var villig til det, sende han henne med tenårane sine som fekk bod om å avkle henne slavedrakta og iføra henne prinsesseklær.

Prinsen var på heimveg, og ho fekk plass ved siden av han i vogna hans. Men nede ved føtene til gjenta, der låg slavedrakta samanrulla til ein bylt.

Mens dei var på vegen vende prinsen seg til gjenta og spurde: Kva er namnet ditt? Då blei ho forvirra og uviss om kva ho skulle svara. Kunne ho våga å nemna seg med det namnet han sa — prinsesse, hans brur? Ho kom til å slå

augene ned, og der fekk ho auga på bylten — slavedrakta som minna henne om kven ho var. Det førde til at ho svara: «Seselie slavepike.» Då blei prinsen mykje sorgfull og lei seg. Han sa til henne: Nå har eg kjøpt deg fri frå slavekåra, ikledd deg prinsesseklær og sagt at du skal vera mi brur og bera mitt namn, og så vågar du ikkje å vedkjenna deg namnet eg har gitt deg. — Den bylten — slavedrakta — den skal liggja der ved foten din til me køyrer inn porten til slottet mitt, då skal den fjernast så du aldri ser han meir. Men på reisa skal han liggja der for å minna deg om kven du var, og kva eg har gjort for deg og frikjøpt deg frå at du er avkledt slavedrakta og ikledd bruredrakta, så du har full rett til å vedkjenna deg namnet eg har gitt deg.

Korleis er det med deg, kristne bror og syster, vågar du å vedkjenna deg Jesu namn og at du er ei Jesu Kristi brur? Eller er du lik Seselie slavegjente som såg på bylten? Eg fyktar for at mange av oss liknar henne, og går der og ser på oss sjølv og det me er etter vårt gamle og naturlege menneske, så me gløymer hans gjerning for oss og hans ord til oss. Du som har avkledt deg dét gamle menneske, og har ikledd deg det

nye — Kristus, vågar du å vedkjenna deg det?

Kom i hug Jesu ord til deg! Så seier han som skapte deg og laga deg, ver uredd, for eg har løyst deg ut og kalla deg på namn, du er min (Esa. 43, 1-fg.) Ropa til henne at striden hennar er enda, at skulda hennar er betalt, at ho har fått av Herens håns dobbelt opp for alle sine synder (Esa. 40, 2).

For har me vorte sameina med han (Jesus) ved likskapen med døden hans, så skal me og verta det ved likskapen med oppstoda hans, sidan me veit dette at vårt gamle menneske vart krossfest med han av di syndelekamen skulle verta til inkjes, så me ikkje skal tena synda lenger. For den som har døydt, han er rettferdigjord få synda. Men har me døydt med Kristus, så trur me og at me skal leva med han, av di me veit at etter Kristus sto opp frå dei døde, dør han ikkje meir. Døden har ikkje lenger velde over han. For den døden han døydde, den døydde han ein gong for synda, men det livet han lever, det lever han for Gud. *Såleis lyt de og rekna*

dykk for døde for synda, men levande for Gud i Kristus Jesus (Rom. 6, 5—11)

Kristus er alt, i alle, oss som lever i trua på han. (Kol. 3, 11). Så du kan frimodigt vedkjenna deg Jesus, hans død for deg og hans blod som blei utrent for dine synder, og hans seier ved oppstoda frå dei døde, til eit evigt liv for deg. — Vedkjenn deg det han har gjort for deg, då han vann deg ei evig utløysing, det han er for deg i dag, og det han har sagt deg i sitt ord.

Dei som kjennest ved meg, dei vil også eg kjennast ved for min Far og for hans englar, seier Jesus. Høyr kor frimodigt Paulus vedkjjenner seg Jesus: — For eg er ved lova død for lova, så eg kan leva for Gud. Eg er krossfest med Kristus, eg lever ikkje sjølv meir, men Kristus lever i meg, og det livet eg nå lever i kjøtet, det lever eg i trua på Guds Son, som elskar meg og gav seg sjølv for meg. Eg aktar ikkje Guds nåde for inkje. For dersom rettferd er å vinna ved lova (ved meg), så døydde Kristus utan grunn (Galat. 2, 19—21).

Guds arbeide med et menneske

Min far arbeider inntil nå, også jeg arbeider, sier Jesus. Blant de ting som Jesus gjorde da han var her på jorda, var å gi oss anskuelses-undervisning over sitt arbeide med å føre menneskene frem til full klarhet i sin frelsesak. Har vi ikke selv lys i evangeliet, da kan heller ikke Gud bruke oss til å lede andre frem til klarhet.

Derfor vil jeg he prøve å dra frem fire mål som Jesus arbeidde mot, og forsøkte å føre menneskene frem til

1. Å føre folket til omvendelse.

På Jesu tid var der mange folk som etter sedvane gikk til synagoga for å høre Guds ord, som hvert år gikk til templet for å ofre og gav tiendedeparten av all sin inntekt til Guds rikes sak. Så etter våre tanker skulle det ikke være nødvendig å be slike folk om å vende om. Men midt inn blant disse folk sendte Jesus Johs. for å rope ut: omvend eder, og selv tok han til i sin gjerning ved å forkynne: omvend eder, for himlenes rike er kommet nær.

Bladet Lov og Evangelium

Utgjevarpoststad : Stord
 Red. Amund Lid, tlf. 75 Norh.sund
 Eksp. : Margr. Skumsnes, Kårevik
 Stord. Postgiro : 42887, Stord
S. Botnens Boktrykkeri, Stord
 Bladet blir sendt gratis til alle
 som sender eksp. namn og adr.
 Blir halde oppen med frivilj. gaver
Norsk Lutherisk Lekmannsmisj. :
 Formann. Olav A. Dahl,
 boks 95, Stord. Tlf. 69
 Kass.. Sverre Bøhn, Norheimsund
 postgiro nr. 68213
 Bankgiro . Vikøy Sparebank
 Norheimsund 10093/955

Legger vi øret til forkynnelsen i vår tid, da vil vi høre at dette ropet lyder sjeldent. Denne forkynnelsen blir helst rettet til dem som lever i verden og er av verden, men sjeldent til den religiøse masse som lever mellom oss. Finner ikke Jesus en eneste mann i vår tid, som han kan sende med dette vekkerrop til den religiøse verden? Det ser ikke ut for at verden våkner hvor mye en roper på den, og om en og annen vender om, så blir det som oftest bare en omvendelse inn i den religiøse masse.

Ved Johannes sin forkynnelse var det mange som våknet opp og vendte om. Men til dem som kom for å la seg døpe, sa han : bær nå de frukter som er omvendelsen verdig, for elles vil du bli hugget ned og kastet på ilden (Matt. 3, 7-8) Hva kan en slik forkynnelse føre til for en nyomvendt? Jo, han oppdager at han bærer ikke omvendelsens rette frukter, at han makter det ikke og at hans mange viljebeslutninger er ikke nok, så han kommer i nød over sin synd. For slike er det godt å møte en Johannes som kjenner Jesus, og som kan peke på ham — det Guds lam som bærer verda si synd. Da er det andre målet nådd.

2. Å føre sjelene til Jesus.

Johannes sine to disipler ble ledet til Jesus, de gikk inn sammen med ham og ble værende hos ham. Som disse to ble værende hos Jesus inntil lyset rant opp for sjela, slik vil alle som kommer til Jesus og blir værende hos ham en dag bli løst ved å få se inn i evangeliet. For noen kan dette skje på et øyeblikk men for andre kan det gå lengere tid. Har du funnet fram til Jesus og er med i hans flokk? Les hans ord og hør ham og følg ham, inntil lyset renner opp i ditt hjerte.

3. Full klarhet over Jesu offer, død og opstandelse.

Det er det tredje målet Jesus vil føre deg frem til. Tenker vi på de to som kom til Jesus på hin dag, da er det ikke vanskelig å se at de hadde ikke lys her.

Og dette arbeide tok det Jesus tre år å fullføre. Vi ser at når Jesus i Matt 16, 22—23 forkynner for sine disipler om at han skal korsfestes, dø og oppstå den tredje dag, da tok Peter ham til side og sa at dette må ingenlunde hendedeg. Jesus vendte seg da til Peter og sa : Vik bak meg Satan! Dette skulle vel være prov nok på at de ennå ikke forsto korsets evangelium, selv om de i tre år hadde hørt Jesu forkynnelse. Men vi kan også ta med Luk. 18, 31—34 der det står like ut at de forsto ikke noe av dette, de forsto ikke hva som lå i dette ordet og skjonte ikke hva han sa.

Slik går mange også i vår tid under Guds ords forkynnelse, uten at de ser betydningen av Jesu offer, død og oppstandelse. Vi hører om Johannes ved graven, at han bøyde seg ned og *så og trodde*. Johannes fikk da se betydningen av Jesu offer. Er dette gått opp for deg min leser? Til deg som står spør-

rende og usikker, skulle jeg ha god lust til å gi en hjelpende hånd. Du spør hva du skal se på, du som er så ufullkommen og syndig. Du skal se på det samme som Johannes. Han så bare en tom grav og ikke Jesus, men det var Jesu ord som gikk opp for ham og kastet lys inn i alt det mørke og uforståelige.

Noen av disse ord vil jeg forsøke å vise deg hen til. For med et offer har han for alltid gjort dem fullkomne som blir helliget (Hebr. 10, 14). Han har oppvakt oss med ham og satt oss med ham i himmelen, i Kristus Jesus (Efes. 2, 6). For liksom han er, så er og vi i denne verden (1. Johs. 4, 17). Jesu offer, død og oppstandelse det betyr at jeg og du er død med ham, oppreist med ham og satt i himmelen med ham, like fullkommen som Jesus er det. Dette er ikke så lett å tro for en synder som meg og deg, det er bare den Hellig Ånd som kan openbare det for hjerte.

Jesus har mange som han også i dag arbeider med for å føre dem frem til dette mål, så det er godt at det står at han arbeider inntil nå. Disse linjer er også skrevet med ønske om at han kunne bruke dem til å åpne øynene på noen, så de kan se den herlighet som ligger skjult i evangeliet. Så kommer vi til det fjerde mål for hans arbeide.

4. Helliggjørelsen.

Men han selv, fredens Gud, hellige eder helt igjennem, og gi at eders ånd og sjel og legeme må bevares fullkomne, ulastelige ved vår Herre Jesu Kristi komme (1. Tessal. 5, 23)! Og i vers 24 står det at han skal gjøre det.

Her går det tydelig frem at også dette er en gjerning av Gud, og at den vil være hele vårt liv. Denne gjerning begynner ikke Jesus med før han har ført oss inn i evangeliets lys. Alt som blir

gjort her før vi er frelst, det blir bare menneskeverk — egenrettfedighet.

Hvorfor vil Jesus helliggjøre oss? Når vi ved troen er blitt fullkommen hellige i Jesus i himmelen, skulle han ikke da være fornøyet? Jo, men han vil gi oss del i sin hellighet, for at vi skal bli brukbare redskaper for ham her nede på jorda. Han tukter oss for at vi skal få del i hans hellighet (Hebr. 12, 10). Des mere dette arbeidet lykkes for ham, des bedre redskaper får han i oss enten vi er forkynnere, ledere, husmødre eller alminnelige arbeidere. Men tro endelig ikke at helliggjørelsens grad gir deg noe fortrinn hos Gud, for hos ham gjelder bare Jesus og det han er for oss.

Gud gir oss en fin anvisning på hvordan dette arbeidet kan lykkes i 2. Kor. 3, 18 : Men vi som med utildekket åsyn skuer Herrens herlighet som i et speil, vi blir alle forvandlet til det samme billede fra herlighet til herlighet, som av Herrens Ande.

Ole Rolfsnes.

Hyrden og sauene

Av Gudmund Hjorthaug

Sist prøvde me å tala litt om korleis hyrden går etter dei bortkomne sauene, og at det er dei hjelpelause og fortapte han får berga. I dag vil me stansa litt for korleis hyrden tek seg av og steller med dei sauene som let seg berga. Her er bileta så mange og sanningane så uendeleg rike. Her auser den gode hyrden ut av sitt store elskande hjarta. — Her er det David stansar opp i undrande tilbeding : «Herren er min hyrde. det vantar meg ingen ting.»

For di me som hører Herren til så ofte ser på oss sjølv, og reknar med oss sjølv, så kjem me oftast til at me vanrar alt — i alle fall nesten alt — det

som me som kristne skal ha. Og så vert livet fattigt, kraftlaust og fullt av klage. Men vert det klart for oss at sanninga er at me verkeleg manglar alt hjå oss sjølv, men nett derfor får lov å ha all vår rikdom i Herren, og stilla all vår trøng i han, då vert det også lovsong i hjarto våre.

Hyrdens har teke på seg ansvaret for alt som trengst til å føra oss velberga heim. Me skal berre få og få, i samlive med han, utan å stilla noko til betaling eller vederlag. Me skal åleine få ta imot av hans nådegåver og brukta av dei til gleda og æra for namnet hans.

Det første han gjer med dei som let seg berga, det finn me i Johs. 10, 28 : «Eg gir dei eit æveleg liv, og dei skal ikkje i all æva forkomast.»

Får Herren ta hand om den fortapte syndaren, då vert han tilrekna og tildekt heile den frelsa Jesus vann oss med sitt blod Han vert iførd Kdisti fullkomne rettferd, og får dag for dag leva i ei uavlatande tilgjeving, frifinning og rettferd, for Kristi skuld åleine. Det er nåde over nåde, at Gud reknar aldri med det me er — berre med det Jesus er,

Men det evige livs samfunn med Gud og frelsaren, det får syndaren smaka alt her på jorda i vandringen med hyrden. Hyrdens tek ofte sauene i fang og let han få smaka freden og sæla i samfunnet med seg. Han tek bustad i hjarta med sin Ånd og sitt liv (Johs. 14, 17—20). —

Han vaktar oss for fienden dag for dag, og ber os ved barmen der vegen er serleg trøng (Esa. 40, 11), og striden serleg hard. Han fører oss etter sin visdom, og han gir oss drikka av kjelda for Davids hus (Sak. 13, 1) Han gir oss styrke og kvile på dei grøne engjer, fører oss på rette vegar, og er med oss og trøystar oss gjennom synda og døden sin skugge og tåredal, mettar oss framfor fienden sine augo, og har teke ansvaret på seg til å føra oss fram til Herrens hus, der me skal bu i all æva (Salme 23). Han er hyrden og me er sauene, han eig oss og han elskar oss.

Alt dette gir hyrden oss, og han gir det i og med sitt ord! Sæle er dei som har fått øyro og hjarto opna, så dei høyrer røysta hans og fylgjer han (Johs. 10 27). Då skal me i sanning få erfara saman med David, at det vantar meg ingen ting. Er eg ein syndar så er han min frelsar, er eg veik så er han min styrke, er eg svoltan og tyrst så er han mi kjelda og brød, er eg redd så er han mi trøyst og mi borg. Kan mitt liv og mi rettferd einast gi meg dom og uro, så er han mitt fullkomne liv og mi rettferd Ottast eg og skjely for den siste fiende som er døden, så hev også han sigra over døden og gjort han til ein fergemann inn til den evige kvila. Og der skal eg få sjå han som han er, og eg skal for evig vera saman med min frelsar.

Salige dag, og salige von! *Er denne hyrden din hyrde?*

For den Herren elskar, den tuktar han

(Hebr. 12, 5—15)

Tukta, den høyrer barnet til. Det gjeld våre barn her på jorda, og det er slik med Gud sine barn så lenge me er her

på synda si jord. «Våre feder etter kjøtet hadde me til tuktatar, og me hadde age for dei. Skal me då ikkje mykje

meir vera lydige mot Faderen til åndene, so me fær leva? For hine tuktar oss for nokre få dagar etter sitt tykke, men han tuktar til vårt gagn, so me skal få lut i hans heilagskap» (Hebr. 12, 9—10).

«For kven er den son som faren ikkje tuktar?» spør Guds ord. Har du møtt ein slik, kven og korleis er han? — Ein som fekk utvikla seg fritt, etter si medfødde natur, si lyst, sin eigen vilje, utan rettleiing og tukt. Stakkars den heim og det samfunn som fostrar slike søner og døtre. Det er berre dei foreldre som ikkje elskar sine barn, eller som elskar seg sjølv meir enn sine barn, som behandler dei på denne måten. Det ser ut for at etter kvart som levestandarden og toleransen aukar i folket, så blir både foreldra og samfunnet slappare med tukta — så det blir nok ikkje vanskeleg å møta slike i framtida, både i heimane og i samfunnet.

Men Herren han elskar sine barn, og derfor så tuktar han dei. Av skrifta ser me at tukta er kjenneteikn på eit sant og rett Guds barn. «Men er de utan tukt, som alle hev fenge sin lut av, so er de lausingar og ikkje søner» (Hebr. 12, 8). «Kvar grein på meg som ikkje ber frukt. tek han bort, og kvar som ber frukt, reinsar han, so ho skal bera meir frukt» (Johs. 15, 2).

Kvífor tuktar Gud sine barn?

Me tuktar våre barn av di dei har ei syndig natur og syndig lyst, er ulydige og har ein vond vilje, som vil føra dei i ulukka om den får råda. Denne natura har også alle Guds barn, for me er alle fødde med Adams falne natur og arv.

For det andre så har me alt høyrt at Gud elskar oss, og derfor så vil han gjerne spa oss og frelsa oss frå synda sine fylgjer. Han vil ha lydige barn, vil at me skal få del i hans heilagskap,

og leva rett og godt gjennom livet her. «For Guds nåde er opneberra til frelse for alle menneske, med di han oppsadar oss til å segja frå oss gudløysa og dei verdslege lystene og leva visleg og rettferdig og gudleg i den verda som no er.» (Titus 2, 11—14).

«All tukt synest vel, medan ho stend på, ikkje å vera til glede, men til sorg. Men sidan gjev ho dei som derved blir opptamde, ei fredrik frukt som er rettferdig» (Hebr. 12, 11).

Det er for at alt det som er skeivt og haltande ikkje skal koma reint i ulag, men heller verta lækt. (Hebr. 12, 12—13).

Han tuktar deg av di han vil at du skal leva i nåden og ikkje falla ut av nåden for at inga bitter rot skal veksa opp i hjarta, og for å hindra skaden han gjer for deg og dei som kan bli smitta ved henne. (Hebr. 12, 15).

Korleis dette skal lukkast, det avheng av korleis du stiller deg til tukta.

Den som ikkje tek tukt.

Den ugdlege, d.v.s. den som ikkje er frelst, ikkje lever i samfunnet med Jesus, han tek ikkje tukt. «Men til den ugdlege segjer Gud: Kva hev du med å fortelja om mine lover og taka mi pakt i din munn, etter di *du hatar tukt* og kastar mine ord attum deg» (Salme 50, 16—17). Har du sett eit barn som ikkje tek tukt og vanvyrder og foraktar foreldra sine ord? Det barnet vil bli hardare, bitrare, frekkare og drive lengre og lenger ut i synd og ulydnad, di meir det blir tukta. Eit menneske som blir påvirka av Guds Ande og ord, men står det imot og viser det frå seg, han vert hardare og går lengere i motstand og spott enn andre. Ein son eller ei dotter til ein prest eller forkynnar, eller som har vakse opp i ein kristen heim, dei går ofte lengre enn andre i motstand og spott for å kunna hevda seg i

dei verdslege og vantru lag.

På same måten vil det gå med den kristen som ikkje tek tukt frå Gud. Her åtvarar Guds ord mot to farar som lurer på oss. «*Min son, vanvyrd ikkje Herrens tukt*». Bryr du deg ikkje om og vanvyrder Herrens tukt, når Anden overbevisar deg om synd og tuktar deg ved Guds ord, då står du i føre for å koma inn på den uguddlege sin veg. Dei som gjer Anden sorg, står han imot og kastar Herrens ord bak sin rygg. Du vil få det ulydige og trassige barnet sitt bitre sinn mot dei som tuktar deg, mot dei som Herren brukar til å forkynna deg orda frå Gud. Ei bitter rot vil veksa opp i hjarta, og den voldar mein for deg og gudslivet ditt. Den blir årsak til at du ikkje får oppleva nåden lenger, og at du dreg deg undan Guds nåde. Du kan nok tala og vitna om nåden og ha det læremessige klart for deg, men du opplever den ikkje lenger i hjarta og liv. Du kjem inn i ein strid for at det er du som ser rett og har det rett. Du får ei bitter sinn mot dei andre som du synest ikkje har det rett, og som du ikkje lenger har samfunn med og kan tolka. Dei tenker du på og dei krinsar hjarta ditt ikring, mykje meir enn kring Jesus.

Vidare seier Guds ord at mange vil bli smitta ved ditt bitre sinn (Hebr. 12, 15). Denne farisear-ånda er verre enn alt anna, seier Jesus, og han åtvarar sine mot den i Luk. 12, 1. Den er ein surdeig som lett vil smitta all deigen. Det hjarta er fullt av, det talar munnen. Snart vil andre bli smitta av ditt syn på andre, din misstanke til andre kristne og dei som forkynner Guds ord, di fariseiske og harde ånd. Kjære venn, lat Heilag Anden og ordet sleppa inn, så vil du fa sjå at feilen sit i di eiga ånd og ditt eige hjarta. Herren elskar deg, det er årsaka til at han tuktar deg, for han vil lu skal finna vegen tilbake til Jesus og

finna miskunn og få nåde.

«Miss ikkje motet når han refser deg.»

Det er den andre faren for den som blir tukta. Det er så lett å tru at han er sint på deg, og ikkje vil vita av deg som sin — *slik* du er. Og det er no ikkje å undrast på heller, så vond, veik og uudeleg som du er. Då skal du koma i hug ordet: Den som eg elskar, den tuktar eg. Det er nett av di du er eit Guds barn og ei grein som ber frukt, at han lyt såra deg og tukta deg. Det er av di han vil at du skal leva i nåden, og få erfara hans miskunn frå dag til dag. Tenk på eit morshjarta, kor det elskar og lid når mor lyt tukta det ulydige og vanskelege barnet sitt. Det er nettopp det barnet som er mest vanskeleg, som får mest av morshjarta si omsut, sorg, medkjensle og kjærleik. Trur du Jesus har eit mindre hjarta for deg enn ei mor frå ei syndig og fallen ætt har? Om enn ei kvinna gløymer sogbarnet sitt, så ho ikkje miskunnar den ho bar under hjarta. *så gløymer ikkje eg deg* (Esa. 49, 15).

Den som tek tukt.

Kva vil det seia å ta tukt? Sjå eg står for døra og bankar. Om nokon høyrer mi røst og let opp døra, han vil eg gå inn til og halda nattverd eg med han og han med meg, seier Jesus i Openb. 3. Å ta tukt er å gi han rett, gi Anden og ordet si overtyding i hjarta rett, det er å fly til Jesus og ropa Jesus inn. I det angrande, syrgjande og lidande hjarta som ropar til Jesus om miskunn og nåde, der går han inn. Han kjem til deg med miskunn og nåde, kjærleik og tilgiving. Han vil halda nattverd med deg, og du med han. Det vil seia at han gir deg seg sjølv, sin lekam og sitt blod som vart give for deg, og alt det som Guds ord seier at han er verd inne for Gud og for deg. Han trøstar deg ved sine ord til deg, ordet om Jesus. Så sant du er

frelst, så treng eg ikkje skildra dette for deg, for det har du erfare og opplevt. Kor lenge er det sidan du sist fekk erfara dette?

Det er nemleg her kontakten med vinreet er, samlivet med Jesus, her er det hjarta får erfara nåden og ta imot miskunn og nåde. Lever du med Jesus, så vil du dagleg få erfara Anden og ordet si tukt og trøst ved evangeliet. Oftast i det små, i tankeliv og hjarteliv, men stundom er synda og brotet større og når lenger. Då blir også tukta tyngre, angeren og sorga større, men også erfaringa av Jesu hjertelag og miskunn større. Det er her du veks fast i di faste stoda i Kristus, og her veks du i kjennskap og nåde til din Herre og frelsar. — Her blir du fornya i synet på Jesus, i tiliten til han og i trua på Ordet. For kvar

gong du får sjå han att, då blr du så hjarteglads, og ingen skal ta denne gleda frå deg, seier Jesus til sine.

Kjære lesar, er dette di erfaring? Eller er du av dei som har mist den følbare nåde, både når det gjeld tukta og trøsta i Kristus, og som trøstar deg til den kalde kjennskapen til det som er i himmelen og fornekta alt det som Jesus vil vera, gi deg og verka i deg og gjennom deg her på jorda? Då vil du nok kjenna deg dømd, sett utanfor, så du får ikkje noko av dei som forkynner deg livets ord. «Men dersom me dømde oss sjølve, vart me ikkje dømde. Men når me vert dømde, vert me refste av Herren, so me ikkje skal verda fordømde saman med verdi.» (1. Kor. 11, 31—32).

Helliggjørelsen

Det er vel ingen steder en kristen møter så mange meninger og så stor uklarhet, som når det gjelder lærer om helliggjørelse. Og skriften, historien og livets bitre erfaring viser med all tydelig klarhet, at her ble mange ledet vill og ble skilt fra Kristus og fall ut av nåden.

I tidens løp har det blitt framsatt mange meninger om helliggjørelsen, som stort sett dreier seg om eller mellom disse to ytterpunkter : Helliggjørelse det er å bli verre og verre, en større og større synder, og det andre ytterpunktet er at en kristen skal kunne bli syndfri.

Mange lir og strir her også i dag, og i håp om å komme noen til hjelp vil vi i bladet en tid fremover ta med noe av det Johannes Brandtzæg forkynnte om

helliggjørelsen. Og vi gjør det med bønn om og håp til at du vil følge skriften sin anvisning : «Kom i hu eders veiledere, som har talt Guds ord til eder ! Gi akt på utgangen av deres ferd, og etterfølg så deres tro.» (Hebr. 13, 7).

Tre sider av hellighetsverket.

Hva Det nye Testamente angår, så skjelnes det mellom tre forskjellige sider av hellighetsverket i og for en kristen.

Det første og grunnleggende i dette hellighetsverket er noe som har skjedd en gang for alle.

Denne betydningen av ordet hellig finner vi bl.a. i innledningen til flere av de paulinske brevene, so mfor eks. i Fil. 1, 1 : Alle de hellige i Kristus Jesus som

er i Filippi. Det samme finner vi i Hebr. 3, 1: Derfor, hellige brødre, I som har fått del i et himmelsk kall.

At Paulus med en slik hilsen ikke mener å si at de er hellige i betydningen av syndfrie, kan vi slutte bla. av den tingen at Paulus også hilser de troende i Korint med de samme ordene, (1. Kor. 1, 2). Resten av brevet viser jo med all ønskelig klarhet at menigheten i Korint ikke var svært langt kommet i personlig hellighet, og det trass i at det i denne menigheten var en rik utfoldelse av nå-degaver, ikke minst tungetale. Tross tungetale og profeti sto de i virkeligheten på et temmelig lavt standpunkt med hensyn til mer verdifulle kristne dyder. Partisyke, prosesser og synd mot det 6. bud, for slike ting retter apostelen alvorlige anklager mot dem.

Hva ligger det da i ordet hellig når det brukes på denne måten, uten forbehold om alle troende i disse menighetene uten hensyn til hvor langt eller hvor lite langt den enkelte av dem er kommet i personlig helliggjørelse?

Det første og grunnleggende som uten tvil ligger i det, er den nye stillingen de troende er kommet inn i, den stilling nemlig at de har fått rett til å bli Guds barn. Fra nå av kan de med all rett og all frimodighet tale til Gud og si: Abba, kjære Fader. De har fått barnekår og barnerett. De er blitt Guds arvinger og Kristi medarvinger. Det er en veldig forandring, en radikal omplantning. Ved det er de kommet innom området av Guds egen hellighet, omringes og omstråles av den hvor i verden de går og hva som elles måtte skje med dem, så sant de i tro blir i Kristus.

Det er Kristi egen rett ved det sonende blod som ifølge nådens husholding overføres på de som tror. Derfor kan vi med all rett tale om en tilregnet hellighet. Både lutheranere og kalvinis-

ter lærer jo at i følge denne tilregnede helligheten står vi for Gud som fullkommen i Kristus.

Men det er ikke bare en stillingens hellighet som på denne måten gies i og med troen. Galat. 4, 6 uttrykker det slik: Fordi I er sønner, har Gud sendt sin sønns Ånd i våre hjerter. Det er skjedd noe også i den troendes innvortes menneske. Det er ikke bare flyttet fra en stilling til en annen stilling og har fått en rett som de ikke hadde før. Var det ikke annet enn dette, så var det rom for den tanken at det å bli en troende, er en nokså utvortes ordning. Men slik forholder det seg altså ikke. Så sant og så snart vi har tatt imot Kristus i tro, får vi en ny ånd, et nytt sinn. Denne ånd er ikke bare en kraft, en upersonlig tilskyndelse, men det er Guds egen hellige Ånd, den personlige ånd, som har tatt bolig i oss. Og dermed er Guds eget hellige vesen flyttet inn i oss. For en forandring! Se Rom. 8, 9, 14. 1. Kor. 6, 19.

Det er disse to gaver, stillingen og Ånden, som gjør at alle troende uten forskjell i Filippi og Korint, Efesus og Rom, Norge og Kina til alle tider og under alle himmelstrøk med rette kan få hedersnavnet hellige.

Men vi bør merke oss at her ennå ikke er tale om den side av helligheten som inspirasjonens Ånd peker på når den sier: Arbeid på eders frelse med frykt og beven. (Filip. 2, 12). Den personlige innarbeidelsen av hellighetens ånd i karakter, hjerte og samvittighet, ja, i hele personen, det er en annen side av saken som er avhengig også av vår stadige hengivelse og overgivelse.

Vi understrekker altså at ordet hellig i følge bibelsk språkbruk i og for seg ikke inneholder noe om fullkommenhet. Hva ordet ihvert enkelt tilfelle betyr, må avgjøres etter sammenhengen og etter den

gamle fortolkningsregel : *Skrift forkarer Skift.* Dvs. at et bibelsk fortolknings-spørsmål ikke må avgjøres bare etter ordlyden av en enkelt uttalelse i vedkommende sak. Det må avgjøres etter sammenligning med de øvrige av Skriften utsagn om samme sak.

I ordet hellig brukt på denne måten finner vi igjen en grunnbetydning som ordet har på det hebraiske språket, nemlig skilt, utskilt. Det vil i dette høve si utskilt fra verden og innviet til Gud, en ny innstilling til Gud og til verden. Og alt det fordi Gud har utvalgt oss i Kristus og tatt oss inn i sitt hellige samfunn. Det er alt sammen Guds eneveldige nådeverk slik som det er beskrevet i 4. Mos. 16,5 : Den som han utvelger, den vil han la komme nær til seg.

Når stillingen er i orden, og barnekårets And er gitt og tatt imot, kommer vi til det neste avsnitt i hellighetsverket. Det første var et verk som var skjedd en gang for alle. Det andre er et verk som uavslatelig fortsetter så lenge vi er her på jorden.

Dette fortsatte hellighetsverket beskrives og stadfestes med mange ord i Det nye Testamentet. Vi nevner Johs. 17, 17 : Hellige dem i sannheten. Likeså 2. Kor. 7, 1 : Ettersom vi har disse løfter, mine elskede, så la oss rense oss fra all urenhet på kjød og ånd, og fullende vår helliggjørelse i Guds-frykt. Samme sakken ser vi og i 1. Tess. 5, 23 : Han selv, fredens Gud hellige eder helt igjennom, og i 1. Johs. 3, 3 : Hver den som har dette håp til han han rense seg selv liksom han er ren.

Alle disse ordene og mange fler taler om et verk som vi aldri blir fedig med så lenge vi er i denne hytte. Vi hører til det folk som uavslatelig er optatt med å rense seg selv og med å bli renset av nådens And, som det og heter i Tit. 2,

11—12 : Guds nåde er åpenbart til frelse for alle mennesker, idet den opptukter oss til å fornekte ugodelighet og de verdslige lyster og leve tuktig og rettferdig og gudelig i den nåværende verden.

Dette verket beskrives som et verk som dels virkes av Gud og dels av eller ved oss. At dette er Guds verk, stadfestes av det ordet vi siterte fra 1. Tess. 5, 23. At det er et verk som vi har vår andel i, ser vi av f. eks. 2. Kor. 7, 1 og 1. Johs. 3, 3.

Begge delene, både Guds side av verket og vår side, er samlet i en hellig grunnregel i Fil. 2, 12—13 : Arbeid på eders frelse med frykt og beven. For Gud er den som virker til sitt velbehag. På hva måte dette hellige samarbeidet mellom Gud og den krisne foregår, skal vi nevne litt om i en annen sammenheng.

Dette avsnittet av hellighetsverket er det egentlig vi sikter til når vi i kristen tale bruker ordet helliggjørelse.

Dersom ikke helliggjørelsen blir avbrutt ved frafall fra Gud, fortsetter den til den når fram til det verk som en gang skal være fullført. Det leser vi om i 1. Johs. 3, 2 : Det er ennå ikke åpenbart hva vi skal bli. Vi vet at når han åpenbares, skal vi bli han lik for vi skal se han som han er. Den fullkomne likheten med Kristus får vi når vi ser ham. Da blir vi fullkommen hellige. Da blir vi syndfrie, ikke før. Allerede her, mens vi ennå bare ser Herrens herlighet som i et speil, er dette synet så mektig i sin virkning at vi blir forvandlet til det samme bildet fra herlighet til herlighet. Dvs. en forvandling som går skrittvis framover når vi blir ved å se på og i samme grad som vi fordypes oss i dette synet på han.

Dette avbildet av Kristus, som vi her ser fram til og nærmere oss i større eller mindre hast i forhold til vår troskap

i å se på og lyde han, men som her aldri bli annet enn en tilnærmelse, det skal bryte inn over oss i hast, i et øyeblikk, når vi får se ham. Som når solen en klar sommermorgen bryter fram over fjellkammen og legger en gullglans over hele naturen, slik skal glansen fra hans hellige åsyn omstråle og gjennomstråle oss.

I Hebr. 12, 13 står det: Til åndene av de fullendte rettferdige. Uten tvil siktet det her til en motsening mellom de rettferdige som ennå er her på jorden, og på den andre siden de rettferdige som er kommet inn i hvilens land og har sett ham, men ennå er i «mellomtilstansdens» legemløse tilværelse. Det vil alt-så si tiden mellom døden og oppstandelsen. De kalles ånder fordi de ennå er uten legeme. Disse ånder er fullendte, og meningen kan ikke være noen annen enn at de som ennå ikke er kommet fram til dette, de er ennå ikke fullendte. Og det er dette siste som interesserer oss i denne forbindelse.

Å disse «fullendte ånder» får et tillegg i sin fullendelse når de ved oppstandelsen blir gjenforenet med sitt legeme, det hører heime i et annet kapitel. Det samme gjelder spørsmålet om en fortsatt renlse eller utvikling i mellomtilstanden, som noen tror på. Her skal det bare sies at det kan ikke legges fram noe avgjørende skriftbevis for å anta en slik utvikling dersom man med det tenker på noe i retning av en fortsatt utvikling eller fortsatt renlse. Hva renhet og hellighet angår, så er de rettferdiges ånde nådd fram til det fullkomne.

Johannes Brandtzæg.

Sommerskolene 1968

I. Det er en glede for oss å innby til sommerskole og årsmøte i Trondheim i dagene 17.—21. juli.

Stevnepllassen blir Blussuvoll Ungdomsskole med sine vakre og rommelige bygninger, og et stort velstelt parkanlegg omkring. Riktig et ønskested for en sommerskole. Og byen vår — den kan vanskelig beskrives, den må sees! Vi håper å møte deg som før om årene har vært på sommerskolene våre sammen med riktig mange nye.

Vær med å be om vekkelsens og fornyelsens ånd over stevnet. Be om sjelers frelse, for dette er sommerskolens siktepunkt. Vi ønsker dere alle hjertelig velkommen!

For arrangørene *Torbjørn Thorsen.*

Ledere blir Torbjørn Thorsen og Ole Brandal. Talere blir Hjorthaug, Linkjendal og Lid. Send innmelding før 1. juli til Torbjørn Thorsen, Knudssønsgt. 3, 7000 Trondheim. Tlf. 36813. Prisen blir kr. 80,— for voksne. Under 15 år kr. 65. *Ta med sovepose og spisebestikk.* Istedetfor gummimadrass kan De få seng med utstyr mot et tillegg i prisen på kr. 6,—. Si fra hvis De ønsker seng, — da er det nok at De tar med en lakenpose.

Program :

Onsdag 17. juli : kl. 19.00 samling og kl. 20.00 velkomstmøte ved lederne.

Torsdag 18. juli : kl. 10.30 årsmøte som ledes ved formannen, kl. 17.00 bibeltime ved Hjorthaug — om årsmøtet er ferdig — kl. 20.00 kveldsmøte ved Linkjendal.

Fredag 19. juli : kl 10.30 bibeltime ved Lid, kl 17.00 bibeltime ved Linkjendal, kl. 20.00 kveldsmøte ved Hjorthaug. Offer. —

Lørdag 20. juli : kl. 10.30 bibeltime ved Hjorthaug, kl. 17.00 bibeltime ved Lid, kl. 20.00 kveldsmøte ved Brandal.

Søndag 21. juli: kl. 11.00 møte ved Linkjendal, offer, kl. 15.00 avslutningsmøte ved Hjorthaug og Brandal.

II. I tiden 31. juli—4. august blir det sommerskole på Sunnhordland Folke-

høgskule Halsnøy. Leder : Amund Lid.
Talere : Brandal, Berg og Aakhus.

Send innmelding før 15. juli til Olav A. Dahl, boks 95, 5401 Stord, tlf. 69. Prisen blir kr. 80,00 for voksne, under 15 år kr. 50,00. På skolen får De seng men alle må ta med sovepose eller sengklær. Si fra om De kommer i egen bil og vil ha den over til Halsnøy. Ferje går fra Sunde, Bjoa og Valevåg, og blir det mange biler kan det trolig ordnes med ekstra ferje fra Bjoa. Så er dere hjertelig velkommen til Halsnøy !

Program :

Onsdag 31. juli : kl. 19,00 samling og kl. 20,00 samlingsmøte ved lederen.

Torsdag 1. august : kl. 10,30 bibeltime ved Berg, kl. 17,00 bibeltime ved Aakhus, kl. 20,00 kveldsmøte ved Brandal.

Fredag 2. august : kl. 10,30 bibeltime ved Brandal, kl. 17,00 bibeltime ved Berg kl. 20,00 kveldsmøte ved Aakhus, offer. *Lørdag 3. august* : kl. 10,30 bibeltime ved Aakhus, kl. 17,00 bibeltime ved Brandal, kl. 20,00 kveldsmøte ved Berg.

Lørdag 3. august : kl 10,30 bibeltime ved Aakhus, kl. 17,00 bibeltime ved Brandal, kl. 20,00 kveldsmøte ved Berg.

Søndag 4. august : kl. 11,00 møte ved Berg, offer, kl. 15,00 avslutningsmøte ved Brandal og Aakhus.

Bussreiser til årsmøte og sumarskulen i Trondheim

Om mange nok melder seg blir det også i år sett opp bussruter til årsmøtet og sumarskulen i Trondheim 17.—21. juli.

1. *Frå Sannidal*. Den vil gå frå Sannidal onsdag 17 juli kl 6,00 og den kører om Oslo og fram til Trondheim same

dag utan overnatting

Prisen blir kr 80,00 for tur og retur, forutsett at minst 25 melder seg på. Send innmelding til Leif Øygarden, Sannidal, før 10. juli. Den kan også ta med folk fra Oslo, og like eins frå bygdene vest for Sannidal. Men dei vest frå lyt då møta opp i Sannidal kvelden før, og overnatta der. Sei frå om det ved innmeldinga, og dei vil nok ordna med hus.

2. *Frå Haugesund*. Den kører frå Haugesund tirsdag 16. juli kl. 11,00 til Ølen ca. kl. 12,00, Kinsarvik kl. 2,00—2,30 og fram til Fagernes i Valdres der det blir overnatting på Valdres Ungdomsherberge. Den kan då ta med folk frå Rogaland, Sunnhordland og Hardanger, og alle rekk godt fram til avgangen frå Haugesund kl. 11,00. Busen har lova å kóyra for kr. 4 000,00, og melder det seg 40 stk. blir prisen kr. 100,00 for tur og retur, men blir det berre mellom 25—30 må me opp i kr. 150,00 pr. stk. Overnattinga på V.U. kjem på kr. 5,75 for dei som har lakenpose med, elles kr. 8,50 for kvar natt. Kveldsmat kr. 5,75, frukost kr. 5,75, middag til kvelds kr. 7,00. Opphaldet skulle då koma på ca. kr. 35,— for båe vegar.

Send innmelding til Amund Lid, Norheimsund, tlf. 75, innan 1. juli. Ver gild å sei frå ved innmeldinga om du ynskjer middag eller berre vanleg kald kveldsmat, eller om du ynskjer å syta for maten sjølv. Sei også frå om du tek lakenpose med, eller ynskjer å leiga den på U.H.

Gi opp postadr. og du vil få tilsendt eit kort med melding om turen kjem i stand. Slutta opp om bussturane, så reiser du sers rimeleg sjølv og er med å hjelpe andre som elles ikkje såg seg råd til å reisa.

Reisa tilbake blir frå Trondheim mandag 22. juli kl. 8,00, med overnatting på same stad — Valdres Ungdomsherbyrge.